

Retningslinjer for tilskot i samband med eigarskifte på landbrukseigedomar i Vinje

1. Formål

Tilskotet skal motivere til gjennomføring av eigarskifte på fråflytta gardsbruk i Vinje kommune. Tilskotet skal og fremme fast busetting på landbrukseigedomar

2. Avgrensing av ordninga

Ordninga gjeld for søkarar som i dag eig landbrukseigedomar der det ikkje har vore fast busetting i minst to år. Ny eigar må busette seg fast på eigedom, jf konsesjonsloven § 6.

3. Utlysing og søknad

Det er fortløpande handsaming av søknadane. Tilskotsordninga blir gjort kjent på kommunens heimeside. Tilskot kan tildelast når det er midlar i ordninga. Før søkarar eventuelt får avslag på grunn av at det ikkje er att midlar, skal kommunestyret ha høve til å tilføre midlar. Ein søknad med relevante opplysningar skriv de på brev eller e-post til kommunen.

4. Kven kan det gjevast tilskot til

Grunneigarar på landbrukseigedomar. Eigedomer må ha minst ha fem dekar jordbruksareal og/eller 25 dekar produktiv skog – samt bustadhus. Det må vere eit frivillig sal.

5. Kven kan søke

Privatpersonar kan søke på tilskotet. Føretak eller andre juridiske personar kan ikkje søke.

6. Storleiken på tilskotet

Tilskotet er på kr 200 000,- per husstand. Tilskotet indeksregulerast årleg.

7. Tildeling og prioritering av søkarar

Tildeling av tilskot er delegert til kommunedirektøren eller til den han peiker. Landbruksgjevar er sakshandsamar, og Kommunalsjef kultur, næring og fritid godkjenner vedtak.

8. Busettingskrav og vilkår om utbetaling

Halve tilskotet blir utbetalt til seljar når eigedomer er tinglyst på ny eigar. Andre halvparten blir utbetalt til seljar når ny eigar har tatt eigedomer som sin reelle bustad og er registrert busett der i tråd med folkeregisteret.

9. Klage

Tildeling av tilskot er å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Plan- og miljøutvalet er klageinstans.

10. Kontroll og opplysningsplikt

Kommunen kan kontrollere om tilskottet vært nytta i tråd med vilkår og forutsetningar for tilskotet. Den som har fått innvilga søknad om tilskot til generasjonsskifte plikter å gje kommunen de opplysningar kommunen skriftleg ber om i tilknytning til slik kontroll.

11. Attendebetaling av tilskott

Tilskott kan haldast attende og/eller krevjast tilbakebetalt om;

- a) søker har gitt mangelfulle, uriktige eller misvisende opplysninger av betydning for saka
- b) tilskottet ikkje brukast i tråd med vilkår og forutsetningar for tilskottet,
- c) mottakar på annan vesentleg måte har brott vilkåra i desse retningslinjene.